



Under plasten gøymmer det seg ein ferdig renovert klasseromsfløy om få veker

-Vi ligg godt an, svarar Espen Falck som er bas for jobben med renovering av skulen i Uskedalen når vi spør om Norstaal er i rute.

Det er ingenting som tyder på at Arendalsfirmaet ikkje skal bli ferdig med jobben til 8. august slik kontrakta krev. 5 mann er igang med å rusta opp klasseromsfløyen. 2 av dei er norske, 2 polakkar og ein tsjekkar.

No er dei snart ferdige med veggane og skal igang med monteringa av vindauga. Så kjem turen til rør og elektrisk anlegg og endeleg pussing, sparkling og måling.

Norstaal har tidlegare vore så langt nord som i Måløy med kommunale byggjeoppdrag, men det er uvanleg. Stort sett stoppar dei i Stavanger- og Sandnesområdet. Men alt tyder på at dei kjem til å vere tilfreds over at dei kasta seg inn i kampen og fekk entreprisen i Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen